



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 06.06.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 19:25

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.
Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 30.05.2016.

Asbjørn Larsen, AP, var ugild ved handsaming av UDU.sak 39/2016. Varamann var kalla inn, men møtte ikkje.

Utvalet hadde pause frå kl. 16.35 - 16.45 og frå kl 18.45 - 18.55.

Sak 39/2016 vart handsama etter sak 41/2016.
Utvalsleiar Mabel Johansen fekk permisjon frå møtet kl 19.15. Tormod Skurtveit, AP, overtok som møteleiar.

Etter handsaming av sak 37/2016 orienterte landbrukssjef Laila Bjørge om landbruket i Meland, Wenche Pettersen orienterte om drift av Tråppo Gard og Magnar Askeland orienterte om jordtippar.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem
Tore Kristian Gjelsvik	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Karina Garnes Reigstad	MDG
Rune Lekven Skår	SP
Åse Nina Sudmann	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr	Tittel
33/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/2016	Godkjenning av møtebok frå møte 19.04.2016
35/2016	Referatsaker
36/2016	Delegerte saker
37/2016	GBNR 5/7 - Fløksand - Klage på dispensasjon for frådeling av 2 parsellar
38/2016	Fastsetting av fellingskvote for hjort 2016
39/2016	Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 49/11 på lo.
40/2016	GBNR 36/18 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel - Tilbygg til fritidsbustad, mindre utviding av kai og utlegging av flytebryggje
41/2016	GBNR 51/143 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel - Søknad om oppføring av carport, bod og vinterhage - Lyngnesvegen
42/2016	GBNR 54/35 - Søknad om dispensasjon frå LNF - Bruksendring av eksisterande gangveg til fritidsbustad til køyreveg
43/2016	Aktuelle saker

33/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 33/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

34/2016: Godkjenning av møtebok frå møte 19.04.2016

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 34/2016 VEDTAK:

Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 19.04.2016 vert godkjent.

35/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Melding nr 5 - skriv frå Fylkesmannen i Hordaland d. 27.05.2016 vedk dispensasjon frå plankrav for utfylling i sjø ved Gudmundsholmen, Flatøy, gbnr 1/57 var ettersendt medlemmane på e-post. Skrivet vart også delt ut i møtet.

UDU - 35/2016 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

36/2016: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Asbjørn Larsen, AP, stilte spørsmål om frådelling av naustetomt på gardsbruk, jf DS.sak 110/2016 - godkjenning frådelling av naustetomt på lo, gbnr 49/11. Administrasjonen orienterte om at godkjend frådelling er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Når eit areal vert omdefinert frå LNF til nausteområde gjeld ikkje § 12 i jordlova.

UDU - 36/2016 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

37/2016: GBNR 5/7 - Fløksand - Klage på dispensasjon for frådelling av 2 parsellar

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling tek klagen frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen til følge. Utval for drift og utvikling avslår, i medhald av pbl § 19-2 andre ledd, søknad om dispensasjon til frådelling av to parsellar til bustadbygging i LNF-områda i kommuneplanen sin arealdel og i strid med byggjeforbodet i strandsona. Vilkår for dispensasjon etter pbl § 19-2 andre ledd er ikkje oppfylte.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

Alternativt framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen si klage til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Fylkesmannen i Hordaland si klage inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 19.4.2016, sak 22/2016, vert omgjort. Vedtaket vert oppretthaldt, men med følgjande omformulering:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 19-1, gir UDU dispensasjon frå LNF-formålet og byggjeforbodet i strandsona for frådelling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag blir oppheva.

Utval for drift og utvikling finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at frådelling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 som omsøkt, ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på at ein frådelling til bustadformål vil gi store samfunnsnyttige fordeler.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden datert 13.3.2015 og klage frå tiltakshavar datert 9.3.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd av setjefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Kommentarar til klage frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland frå Asle Fløysand/Terje Fløysand motteke kommunen 27.05.2016 og 06.06.2016 vart delt ut i møtet.

Erling Rønnestad, KrF, kom med framlegg å dele saka og gjere eit vedtak per parsell. Ved røysting fekk dette framlegget 9 røyster for, 0 imot og er såleis vedteke.

Parsell 1 - framlegg til vedtak frå H og AP:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen sine klager til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen sine klager inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 19.4.2016, sak 22/2016, vert omgjort.

Parsell 1 vil ha avkøyring til kommunal veg via privat veg. Denne vegen har 30 km fartsgrense med humpar slik at trafikktryggleiken her er godt ivareteken. I tillegg munnar denne komunale vegen i sør ut i fylkesveg 564. Frå dette vegkrysset er det god gå- og sykkelveg som går heilt til Vestbygd skule utan å krysse andre fylkesvegar eller andre vegar med stor trafikk.

På same "plataet" som parsell 1 ligg, er det allereie ein frådelt parsell som deler omsøkt område frå nytta jordbruksområde. UDU vurderer at omsøkt parsell har større verdi som bustadformål enn som unytta landbruksareal.

Vedtaket vert oppretthalde, men med følgjande omformulering:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 19-1, gir UDU dispensasjon frå LNF-formålet for frådeling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag blir oppheva.

Utval for drift og utvikling finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at frådeling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 som omsøkt, ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på at ein frådeling til bustadformål vil gi store samfunnsnyttige fordeler.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden datert 13.3.2015 og klage frå tiltakshavar datert 9.3.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd av setjefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 2 røyster for, 7 i mot (H, AP, SP, FrP) og fall.

Framlegg til vedtak frå H og AP fekk 7 røyster for, 2 i mot (MDG, KrF) og er såleis vedteke.

Parsell 2 - framlegg til vedtak frå H og AP:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje Statens vegvesen si klage til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Statens vegvesen sin klage inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 19.4.2016, sak 22/2016, vert omgjort.

Parsell 2 vil ha direkte avkøyring til kommunal veg. Denne vegen har 30 km fartsgrense med humpar slik at trafikktryggleiken her er godt ivareteken. I tillegg munnar denne komunale vegen i sør ut i

fylkesveg 564. Frå dette vegkrysset er det god gå- og sykkelveg som går heilt til Vestbygd skule utan å krysse andre fylkesvegar eller andre vegar med stor trafikk. UDU legg etter synfaring vekt på at ein frådelling til bustadformål vil gi store samfunnsnyttige fordeler.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden datert 13.3.2015 og klage frå tiltakshavar datert 9.3.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 0 røyster for, 9 i mot og fall.

Framlegg til vedtak frå H og AP fekk 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.

UDU - 37/2016 VEDTAK:

Parsell 1 - vedtak mot 2 røyster (MDG, KrF):

Utval for drift og utvikling tek ikkje Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen sine klager til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen sine klager inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 19.4.2016, sak 22/2016, vert omgjort.

Parsell 1 vil ha avkøyring til kommunal veg via privat veg. Denne vegen har 30 km fartsgrense med humpar slik at trafiktryggleiken her er godt ivareteken. I tillegg munnar denne komunale vegen i sør ut i fylkesveg 564. Frå dette vegkrysset er det god gå- og sykkelveg som går heilt til Vestbygd skule utan å krysse andre fylkesvegar eller andre vegar med stor trafikk.

På same "plataet" som parsell 1 ligg, er det allereie ein frådelt parsell som deler omsøkt område frå nytta jordbruksområde. UDU vurderer at omsøkt parsell har større verdi som bustadformål enn som unytta landbruksareal

Vedtaket vert oppretthalde, men med følgjande omformulering:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 19-1, gir UDU dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag blir oppheva.

Utval for drift og utvikling finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at frådelling av areal og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på Gbnr. 5/7 som omsøkt, ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på at ein frådelling til bustadformål vil gi store samfunnsnyttige fordeler.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden datert 13.3.2015 og klage frå tiltakshavar datert 9.3.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd av setjefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 2 røyster for, 7 i mot (H, AP, SP, FrP) og fall.

Framlegg til vedtak frå H og AP fekk 7 røyster for, 0 i mot (MDG, KrF) og er såleis vedteke.

Parsell 2:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje Statens vegvesen si klage til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Statens vegvesen sin klage inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 19.4.2016, sak 22/2016, vert omgjort.

Parsell 2 vil ha direkte avkøyring til kommunal veg. Denne vegen har 30 km fartsgrense med humpar slik at trafikktryggleiken her er godt ivareteken. I tillegg munnar denne komunale vegen i sør ut i fylkesveg 564. Frå dette vegkrysset er det god gå- og sykkelveg som går heilt til Vestbygd skule utan å krysse andre fylkesvegar eller andre vegar med stor trafikk.

UDU legg etter synfaring vekt på at ein frådeling til bustadformål vil gi store samfunnsnyttige fordeler.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden datert 13.3.2015 og klage frå tiltakshavar datert 9.3.2016.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 0 røyster for, 9 i mot og fall.

Framlegg til vedtak frå H og AP fekk 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.

38/2016: Fastsetting av fellingskvote for hjort 2016

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2016 til 131 dyr.

Det vert tildelt 33 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr.

Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på fellinga av unge dyr for å auke alderen i bestanden og sikre god rekruttering. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

UDU - 38/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2016 til 131 dyr.

Det vert tildelt 33 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på fellinga av unge dyr for å auke alderen i bestanden og sikre god rekruttering. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

39/2016: Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 49/11 på lo.

Rådmannen sitt framlegg:

”Utval for drift og utvikling gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til

Per Gjessing Høiland og Grethe Iden for overtaking av gnr 49 bnr 11 på lo i Meland kommune.

Den avtala kjøpesummen er på kr 1 200 000,-.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova § 28.»

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Asbjørn Larsen, AP, har i skriv motteke kommunen 01.06.2016 bede om vurdering om han er ugild ved handsaming av denne saka. Skriv frå Asbjørn Larsen og administrasjonen sitt notat vedk ugildskap vart lest opp i møtet.

Ved røysting fekk vurdering om Asbjørn Larsen er ugild 8 røyster for, 0 i mot.

Asbjørn Larsen gjekk no frå møtet. Varamann var kalla inn, men møtte ikkje.

Utvalet tok pause frå kl 16.35-16.45.

Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H:

"Saka vert utsett. Utval for drift og utviling ønskjer å føreta synfaring før vedtak vert fatta.

UDU ønskjer i tillegg fleire opplysningar i saka frå konsesjonssøklar vedk pkt 2 - 5 i konsesjonslova §

9."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå administrasjonen 0 røyster for, 8 i mot og fall.

Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H, fekk 8 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

UDU - 39/2016 VEDTAK:

"Saka vert utsett. Utval for drift og utviling ønskjer å føreta synfaring før vedtak vert fatta. UDU ønskjer i tillegg fleire opplysningar i saka frå konsesjonssøklar vedk pkt 2 - 5 i konsesjonslova § 9."

40/2016: GBNR 36/18 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø i kommuneplanen sin arealdel - Tilbygg til fritidsbustad, mindre utviding av kai og utlegging av flytebyggje

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av tilbygg, utviding av kai og utlegging av flytebyggje som omsøkt på gbnr 36/18 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 8.4.2016, supplert 19.4.16.

Vidare gir Utval for drift og utvikling fritak frå krav om reguleringsplan i medhald av føresegn 2.1.1 til KPA.

For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over»

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 40/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av tilbygg, utviding av kai og utlegging av flytebyggje som omsøkt på gbnr 36/18 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 8.4.2016, supplert 19.4.16.

Vidare gir Utval for drift og utvikling fritak frå krav om reguleringsplan i medhald av føresegn 2.1.1 til KPA.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over»

41/2016: GBNR 51/143 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø i kommuneplanen sin arealdel - Søknad om oppføring av carport, bod og vinterhage - Lyngnesvegen

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av frittstående carport, bod og vinterhage som omsøkt på gbnr. 51/143 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 17.3.2016.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.»

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 41/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, for oppføring av frittstående carport, bod og vinterhage som omsøkt på gbnr. 51/143 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 17.3.2016.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.»

42/2016: GBNR 54/35 - Søknad om dispensasjon frå LNF - Bruksendring av eksisterande gangveg til fritidsbustad til køyreveg

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak på areal med status som LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av eksisterande tilkomstveg til gbnr 54/35 i Meland kommune. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspåkravende byggjetiltak før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.»

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 42/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak på areal med status som LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av eksisterande tilkomstveg til gbnr 54/35 i Meland kommune. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspliktige byggjetiltak før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.»

43/2016: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

06.06.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 43/2016 VEDTAK:

Administrasjonen orienterte om følgjande:

- Basseng Rossland skule (jf UDU.sak 27/2016): Bassenget har kapasitet til å nyttast utanom skuletid. Det er krav om ekstra vassprøvar og badevakt. Lag/organisasjonar kan søkje kommunen om å bruke bassenget etter skuletid, og må i tillegg skaffe seg kunnskap og sertifisering som badevakt. Det er ein føresetnad at dette ikkje medfører auka kostnad for kommunen.

- Tiltakspakke, tilskot frå staten. Desse skal nyttast til vedlikehald kommunale bygg og eigedomar, men kan ikkje nyttast til tiltak som ligg inne i eksisterande vedlikehaldsplanar. Kommunen kan heller ikkje nytte egne tilsette til dette arbeidet. Meland formannskap har prioritert maling av omsorgsbustader, ventilasjonsanlegg Rossland skule og tak kyrkjestova. Tilskot som ikkje er nytta i 2016 vert trekt inn att.

- Status Nordhordlandspakke. Statens vegvesen er kome igang med detaljprosjektering Fosse-Fløksand, førebur planlegging av opprusting veg Fløksand-Vikebø og kryss Frekhaug senter m/veg til Sagstad skule. Ny kollektivterminal på Flatøy vil frigjere areal i Frekhaug senter. Tiltaka følgjer prioriteringsliste og skal finansierast med bompengar. Ein reknar godkjenning i Stortinget til hausten.

Leiv Jan Fosse, SP:

Private reguleringsplanar status/framdrift.

Administrasjonen: Kommunen har for tida ingen tilsette i stillinga som plankonsulent private planar.

Stillinga må lysast ut på nytt. Avdelinga er utan kapasitet til å følgje opp private reguleringsplanar og avdelinga har ikkje budsjettmidlar til konsulenthjelp.

Er det planar for veglys Fosse-Sagstad skule?

Administrasjonen: Tiltak som vert søkt om vert lagt inn i trafikksikringsplanen i prioritert rekkefølge. Det er ikkje søkt om veglys Fosse-Sagstad skule.

Asbjørn Larsen, AP:

Administrasjonen bør lage sak til formannskapet om midlar til konsulenthjelp for private planar.

Administrasjonen kan finne kostnad med konsulenthjelp og leggje sak fram for formannskapet.

Kjenner kommunen til båt som opptek plass på lo kai?

Administrasjonen har ikkje fått noko melding om dette. Publikum må melde frå for at kommunen kan følgje opp saker.

Kontroll med avfallshandtering får næringsverksemd.

Administrasjonen: Dette er eit delt ansvar mellom kommune og fylkesmann. Kommunen har ikkje føretatt tilsyn og administrasjonen har ikkje midlar til slike tilsyn.

Erling Rønnestad, KrF:

Veglys lo kai - har innhenta pris på LED-lys.

Administrasjonen har notert ønske om veglys på kaien og har sendt prisførespurnad på dette.

Kommunen må velgje løysingar som kommunen kan handtere og må utføre tiltak i samsvar med prioriteringar gjort i tiltaksplanar.
